



Hardanger Fjord Nytt

www.hardangerfjord.com

2004 kjempeår for Hardanger !

I gjestestatistikken for heile 2004 passerte Hardanger 383.000 gjestedøgn. Så mange gjestedøgn har det aldri tidlegare vore i den fruktbare regionen. I samanlikning med 2003 er dette nær 12% framgang. Hotella kan gle seg over ny losjionsetningsrekord, 97 millionar NOK, 15 millionar NOK meir enn i 2003, samstundes som gjennomsnittleg rompris har auka med 4%.

Mange nordmenn

Årsaka til denne eventyrlege framgangen er mellom anna at norske gjester no utgjør 55%. Nordmenn sparar ikkje når dei er på ferie. Imidlertid har også utanlandske gjester ein framgang på over 8%, og av desse er det særleg Storbritannia, Nederland, Frankrike og Japan som syner stor auke.

Spanande nye marknader

Verdt å merke seg er det og at det er stor prosentvis auke frå Europa elles og Latin-Amerika elles. Dette er truleg hovudsakeleg hhv. russerar og brasilianarar. Talet er enno forholdsvis beskjedent, men båe grupper nærmar seg no antal svenskar og danskar i regionen. Nedgang i yrkestrafikken
Diverre syner hotellstatistikken ein reduksjon på 11% for yrkesreiser, medan kurs og konferanse har ei stor auke på 21%. Det er likevel ferietrafikken som står for størst andel, heile 81% av samla gjestetil. Her er framgangen på 15% i høve til 2003.

Oppsiktsvekkande

Reisemål Hardanger Fjord AS gler seg sjølvsagt over desse rekordtala og føler at no går det rett veg for reiselivet etter tragiske hendingar ved starten av tusenårsskiftet. Reiselivsnæringa i Noreg har generelt hatt stor framgang, likevel er Hardanger oppsiktsvekkande kva gjeld omsetnad og oppnådd rompris. Ein kan ikkje sjå bort frå at god og langsiktig marknadsføring og solid oppslutning frå kommunar og ei næring på nær 200 verksemdar no gjev resultat. Aktiviteten for 2005 sesongen er godt i gang; messedeltaking i inn- og utland, diverse Hardangerarrangement, arbeid med bookingløysingar på Internett, fokus på cruisemarknaden og eit stort merkevareprosjekt for heile regionen er berre nokre av alle dei oppgåvene marknadsføringsselskapet no jobbar med.



Beste stand i Bergen.....	2
Fruktbar Framtid.....	3
Røldal Freeride Challenge..	3
Pressedekning i Danmark....	4
Hardanger Guide 2005.....	4
Reiselivet i Hardanger.....	4

fruktbare hardanger

Hardanger- beste stand i Bergen

På reiselivsmessa "Reiseklar 2005" i Bergen i helga(21-23.01) gjekk fyrste prisen for beste utstillar til Reisemål Hardanger Fjord AS.

Juryen sa følgjande: "Enhetlig profil til tross for mange underutstillere. Innholdsrik stand med vell varierte opplysningsmengder - og fristende frisk frukt!".



RHF presenterte mellom anna "Smaken av fruktbare Hardanger" - regionen sitt matprogram, der ei Hardangerkokke serverte eplechutney og eple i vanilje/kaneldipp. Hardanger Fjordfrukt BA hadde stilt rikeleg med Elstar og Torsteins eple til disposisjon, og som vanleg var det utallege spørsmål om kvifor ikkje butikkane tilbyr denne kvalitetsfrukta. Det var også demonstrasjon av reipslaging på ei minireiparbane i regi av Hardanger Fartøyvernsenter i Norheimsund. Hardanger Feriepark stilte med gocart bil i sin reklame for familieparken og den rykande ferske Hardanger Guide 2005 rauk vekk. Heile 19.000 besøkande lot seg freiste av ferieopplevingar på messa, ny publikumsrekord opplysar arrangørane Possibility AS.

Stor auke for Agatunet

Auken frå 2003 til 2004 har vore på 2952 personar eller 47%. Så stor auke har ikkje Agatunet hatt nokon gong før!!

Agatunet opplyser at dersom tunet hadde hatt tilfredsstillande parkeringsmogelegheiter ville tunet hatt endå større vitjingstal.

Er verksemda di å finna på Internett?

Delta i eit nasjonalt og regionalt heilheitleg Internettmiljø, der reiselystne finn dykk ! Prisar frå NOK 2700 per år - inkludert høg eksponering, og målbare resultat.

De vert synlege på bla. www.hardangerfjord.com, www.fjordnorway.com, www.visitnorway.com, og elles indirekte på dei viktigaste søkemotorane.

Er internettsidene dine brukarvennlege nok ?

Resept på www.bitreiseliv.no. Der finn du BIT Reiseliv Netttest, og du kan få ein full gjennomgang av nettstaden din for 2400,- (spesialpris for RBL medlemmer 1200,-).

Kva hender i Hardanger?

Kontakt oss informasjon om registrering, eller henvend dykk til ditt lokale turistkontor. Informer oss, og me distribuerer via vår reiselivsdatabase til mange portalar!

Og sjøvsagt også på:

www.hardangerfjord.com

Fruktbar Framtid



21.-22. april vert det arrangert eit seminar i regi av Landbruksdepartementet ved Hotel Ullensvang som tek for seg "hvordan styrke regionalt reisleiv og matproduksjon" og "kulturlandskap og

husdyr som merkevarer". Seminaret er ein del av landbukets hundreårsmarkeringsprosjekt "Mat og Kulturlandskap 2005". Foredrag av m.a Lars Sponheim og Jonathan B. Tourtellot frå National Geographic.

Seminaret vert arrangert i tilknytning til Åpningsstreif i Hardanger 22. april, der sjølvaste Dronning Sonja føreteik den offisielle åpninga på Reisetser.

Meir info om Steif på www.hordastreif.no

Om kvelden 22. april vert det festkonsert i Hardangerhallen ved Hotel Ullensvang med m.a. Heidi Marie Vestrheim, Geir Botnen, Knut Hamre, Reidun Hovei, Tyssedalskoret og mange andre.

Påmelding på <http://odin.dep.no/lmd/2005>.

Generalforsamling 2005

Merk av allereie no at generalforsamlinga i år vert **9. mai** på Steinstø Fruktgard, Kvam.

Røldal Freeride Challenge 2005

Pressemelding frå arrangøren:

"Den viktigste frikjøringskonkurransen for ski nord for Alpene, Røldal Freeride Challenge (RFC) arrangeres siste helgen i april 2005 for femte året på rad.

Nok en gang skal vi få se skikjøring i særklasse i Røldal skisenters nydelige omgivelser! 80 norske og utenlandske ski og snowboard helter møtes til kamp om den gjeveste tittelen!

Årets arrangement er lagt til 21-24 april 2005!

RFC samler den norske og deler av den internasjonale eliten innen den markedsmessige svært spennende ski- og brettaktiviteten frikjøring. RFC har skapt en arena med unik credo blant nasjonale og internasjonale opinionsdannere innen ski- og snøbrett i Røldal. Bygda som ligger fire og en halv times kjøretur fra Oslo er også i

ferd med å få et internasjonalt ry på seg som en arena i verdensklasse for frikjøring på ski og brett - grunnet bratte fjell og uvanlig store snømengder. I år ønsker RFC nok en gang å befeste posisjonen som den viktigste konkurransen i sitt slag nord for Alpene.



Meir info på: www.endlesswinter.no"

Reiselivet i Hardanger

5. generasjon overtek på Hotel Ullensvang Eigedom AS

Den 5. generasjon vertskap har begynt på Hotel Ullensvang og dei gler seg til nye utfordringar og eit flott samarbeid med reiselivsnæringa i Hardanger!

Ekteparet **Barbara Zanoni Utne og Hans Edmund Utne** har vore vertskap ved Rica Parken Hotel i Ålesund i 3 år og har ein god kjennskap til reiselivet i Noreg og til nasjonal og internasjonal marknadsføring. Reisemål Hardanger Fjord ønskjer paret velkomne til Hardanger!

Ny Hotell Direktør ved Tyssedal Hotel

Tyssedal Hotel vart i slutten av januar slått konkurs, men kan allereie no presentere den nye direktøren som skal og driva hotellet framover: **Audun Stene**.

Audun er gründer og styreformann for Fugl Fønix Hotel i Etne og har god kunnskap om reiseliv.

Reisemål Hardanger Fjord ønskjer Audun velkomen til Hardanger!

Namneendring

Hardangertun i Kinsarvik har kjøpt naboverksemda Familieparken, og har i det høve skifta namn til

Hardangertun Hytter og Familipark

God pressedekning i Danmark



Som resultat av felles pressetur frå Danmark for Eventyrveien konseptet i fjor sommar, kjem det stadig artiklar om Hardanger og resten av Eventyrveien over RV7 i dansk media. I februar-utgåva skriv

Vildmarksliv om sine aktivitetar med FlatEarth i Eidfjord, og Politiken hadde 27. januar 4 heilsider som m.a. omhandlar hundespannkøyring på Folgefonna og diverse aktivitetar med FlatEarth i Eidfjord.



Hardangerguiden 2005



Hardanger Guide 2005 er i distribusjon. Årets guide var klar til messene i Bergen og Nederland i midten av januar. I år har RHF hatt eit godt samarbeid med Øystese Trykkeri om utforminga av Hardanger Guide.

Bestillingane av guiden har tikka inn på fax og e-post og utsendingane til

inn- og utland er i gang. I veke 7 vil Hardanger Guide verte sendt ut til alle husstandar i Hardanger.

Dersom de ynskjer å bestille Hardanger Guide 2005, send oss gjerne ein e-post info@hardangerfjord.com eller fax (56 55 38 71). Guiden er tilgjengeleg på norsk, tysk og engelsk.

Som tidlegare utgåver viser også Hardanger Guide 2005 det rike utvalet i aktivitetstilbod og arrangement i dei 7 kommunane. Nytt i år er mellom anna dagleg skibuss til Folgefonna sommarskiser frå Bergen i juli. Sesongen for Fjordcruise vil vere 1. juni - 31. august. For meir informasjon om aktivitetar og arrangement, sjå òg nettsidene våre www.hardangerfjord.com.